

## REISE TIL AMERIKA – INFORMASJON, RÅD OG TIPS TIL DELTAKARANE

### REISA

#### Utreise

I forkant av turen din får du tilsendt informasjon om turen og deltarliste med referansenummer som du brukar ved innsjekking. Du må også ha passet ditt for å kunne sjekke inn.

Dersom du sjekkar inn på automat, vil du få spørsmål **om referansenummer og adresse til hotellet** (også **zipcode/postnr**) til hotellet: denne informasjonen vert sendt ut på førehand for kvar reise. Du får også beskjed om å skanne passet ditt. Dersom de sjekkar inn fleire samtidig må de hugse å skanne alle passa elles stoppar innsjekkinga opp.

Når de har kome gjennom sikkerhetskontrollen, skal de gå vidare til gate som er angitt. **Pass på å komme tidleg til gate, MINST 1 time før avgang, då det også er passkontroll før gaten og det ofte er kø her.**

Det er også lurt om du har på deg namneskiltet som du har fått utdelt, så vil reiseleiaren sjå at du høyrer til gruppa vår, og det er lettare å få kontakt med andre gruppemedlemmar allereie no.

#### Transfer

Når de kjem til stader der det er mellomlanding, så fylgjer de reiseleiari til neste gate. Er du på eiga hand er det lurt å sjekke opp rett gate straks du kjem inn på terminalen, og hugs at det også her er **passkontroll** dersom din neste destinasjon er i USA. Vær på gaten i god tid, då USA-flya ofte startar boarding svært tidleg.

#### Ankomst USA

På flyet vert du tildelt eit blått skjema der du skal fylle ut informasjon om deg sjølv og kva du har med deg. Her må du fylle ut namn, passnummer, fødestad og land, nasjonalitet, adresse og adresse i USA (1. hotell du skal til). Du får spørsmål om kva du har med, svar nei på alle spørsmåla, og 0 på pengebeløp og verdiar du har med som skal bli att i landet. Sjølv om du har med litt pengar er ikkje dette aktuelt i forhold til dette skjemaet. **NB! Dersom du har med frukt eller kjøtt så må du ete/kvitte deg med dette før du landar!**

Når du kjem til USA, må du gjennom ein immigrasjonskontroll. Når du kjem ut av flyet, går du mot immigration-control/baggage claim. Reiseleiari vil som regel samla dykk på ein stad før immigrasjonskontrollen slik at vi går samla dit. Her vil vi måtte stå i kø (liknande ein sikkerhetskontroll-kø). Ein og ein går fram i anvist skranke, og her må du vise passet, og du vert spurta om formål med reisa (svaret er: tourism) og kor lenge du skal vere i landet. Du må deretter avgje fingeravtrykk (først 4 fingrar så tommel, på begge hender) på ei glasplate, deretter vert du fotografert. Svar høfleg og tydeleg, så går dette heilt fint! Du skal i tillegg vise fram det blå skjemaet som du fylte ut på flyet.

Du skal deretter gå til bagasjehenting, reiseleiari vil sjå til at alle er komne gjennom kontrollen. Når du har henta bagasje, melder du deg hjå reiseleiari før du går vidare. Du skal så levere frå deg det blå skjemaet til tollfunksjonæren som samlar i hop desse.

Dersom du skal vidare på innanlandsflyging, må du plassere bagasjen på eit eige transfer-bagasjeband. NB! Ikkje ta av bagasjelappane – dei gjeld heilt fram til endeleg destinasjon!

For dei som skal ut av terminalen og vidare med buss, er det viktig å følgje reiseleiari. Han/ho vil finne fram til bussen de skal ha vidare. Følg godt med på beskjedane frå reiseleiari og hold deg i ro som anvist dersom de skal vente i ankomsthallen. Gå aldri ut av bagasjehallen eller ankomsthallen utan at du har hatt kontakt med reiseleiari.

## Råd og tips

### Valuta og betalingsmåtar:

I USA er valutaen amerikanske dollar. Det er lett å ta ut pengar i minibank og å betale med både Visa og Mastercard, så det er ikkje nødvendig å ta ut større mengder dollar i Noreg.

### Tips og tax

I USA er det vanleg at tax (mva) vert lagt til alle prisar. Prisen du ser, er nettopris ekskl. mva, og du må som regel legge på 8 - 10 % på alle prisar, alt etter kva stat du er i.

I tillegg er det også mykje høgare tips-satsar enn det vi er vande med. Normal tips er 20 %, er du svært fornøgd – opp til 30 %. Er du svært misfornøgd 10-15 %, men ver klar over at du då får ein reaksjon frå servicepersonellet som mottar tipset. I USA er basislønna for service-personell svært låg, og tipset er i praksis det dei skal leve av. Du må som regel betale tips ved kjøp av mat og drikke (måltid som ikkje er inkludert i reiseprisen), portørtenester og drosjeturar. Det er også vanleg å tipse bussjåføren med eit par dollar per person per dag.

### Reiseforsikring, sjukdom, medisinar

På reiser i USA er det svært viktig at du har ei gyldig reiseforsikring som gjeld for heile verda. Her kan det bli svært dyrt dersom du vert sjuk og må til lege eller sjukehus. For mindre plager finst dei ei god teneste ved apoteka (farmacies), der du kan få ein lege til å sjekke opp mindre ting som sår, feber, mindre infeksjonar, blærekatarr mm utan at dette er så dyrt. Hugs at dersom du har med deg spesielle medisinar så bør du ha med deg engelsk legeerklæring på at du treng desse medisinane. Dette får du hjå fastlegen din.

Ta elles kontakt med reiseleiaren din dersom du har behov for hjelp, kjem du i naud medan du er på eiga hand ringjer du 911 som er universalnummer for alle naudetatar.

### **Adapter:**

I USA er det 110 V straum, og du må ha eigen adapter for å bruke våre elektriske produkt (også for mobillading).

### Tryggleik

Brann: På hotellet vil du finne oversikter over evakueringsvegar ved eventuell brann eller andre årsaker til evakuering. De må orientere dykk om desse og kvar nærmeste trapp er. De kan ikkje bruke heisen ved brann. De må ta dykk til resepsjonen, og evakueringsområdet, som vanlegvis er framfor hotellet. Dette vil reiseleiar seie noko om for kvart enkelt hotell. De skal møte ved evakueringsområdet og melde dykk til reiseleiar.

Tryggleik i buss: **Der det er setebelte skal desse brukast.** Hald dykk i ro i bussen i fart, om ikkje anna skulle tilseie dette (toalettbesøk eller liknande).

Verdisaker: Pass godt på veska, og ha ikkje lommebok i baklomma, eller mobil på ein stad det er lett å få stèle den. Vi opplever svært lite kriminalitet på våre destinasjonar, men det er alltid lurt å vere føre var!

**VI YNSKJER DYKK EI GOD REISE – OG MANGE GODE OG MINNERIKE OPPLEVINGAR SAMAN MED OSS!**

Helsing oss i Fotefar Temareiser